



Gospelkoret Abraham med songarar frå Stavanger, Sandnes og Jæren med sin musikalkse leiar Bjarte Lending.

**Gospelkoret Abraham vil lørdag 17. november halda ein forrykande konsert kl. 19.30 i ærverdige Kvinnherad kyrkje. Koret drog til Kvinnherad i 2014 for å vera med på Lina Håland sin ordinasjon og då vi skulle dra ned igjen til Sandnes måtte vi la Lina vera igjen for å gjera jobben sin i Uskedalen**

Nå ventar nye utfordringar for Lina i Sandnes kyrkje, så difor kjem vi tilbake for å halda ein avskjedskonsert og til slutt få ho heim igjen. Koret skal også synge på kjøpesenteret på Husnes kl. 13.00 på lørdag i tillegg til å vera med på å setja eit gospelpreg på avskjedsgudstenesta som skal vera i Uskedal kyrkje om søndagen.

Gospelkoret Abraham er ein gjeng på ca 30 dyktige songarar frå Sandnes, Stavanger og Jæren. Låtane, som vert framført, er arrangert av koret sin dyktige musikalske leiar Bjarte Lending.

Denne konserten er ein av korets store happeningar i løpet av året. Vi dreg på ein sosial og musikalsk tur som vi gleder oss masse til. Håpar vi ser deg der!

Tekst: Pressemelding  
Foto: Svein Fossl  
Nett: Kristian Bringedal



Eit spenstig bilete av sonknepresten Lina Håland sitt farvel med Uskedalen søndag 18. november.